



Hordaland Fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/8 - 16/32761

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

30.11.2016

Høyring - intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
142/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	16/8

Høyring – Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion

Vedlegg :

Høyringsbrev _etablering av VestlandsregionIntensjonsplan for samanslåing

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen legg fram sak til politisk drøfting

Formannskapet - 142/16

FO - behandling:

Fellesframlegg:

Formannskapet sluttar seg til intensjonsavtale for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Framlegget vart samråystes vedteke.

Administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen bør vera nynorsk.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster, mot 1 røyst (B.Vatnøy-Frp)

Ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta kan leggjast til primærkommune.

Framlegget vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

Formannskapet sluttar seg til intensjonsavtale for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen bør vera nynorsk.

Ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta kan leggjast til primærkommune.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjeraast i formannskapet

Bakgrunn:

I samband med at Stortinget i vårsesjonen 2015 handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», vart det vedteke å invitere fylkeskommunane inn i kommunereforma, med sikte på å fastlegge struktur for eit nyt regionalt folkevald nivå våren 2017. Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016. Som ei oppfølging av denne invitasjonen er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion.

På fylkestinget, 5.oktober 2016, vart det vedteke å legge denne intensjonsplanen ut på høyring før endeleg vedtak om etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016. Fylkestinget fatta følgjande vedtak:

1. «*Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.*
2. *Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.*
3. *Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløysingar.*
4. *Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.»*

Sentrale moment i intensjonsplanen:

- Fylka skal bli slått saman frå 01.01.2020
- Namnet er Vestlandsregionen
- Overordna mål: Vestlandsregionen skal vere ein sterkt, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.
- Etablere eit regionting med 71 representantar
- Formannskapsmodellen vert lagt til grunn
- Bergen blir administrasjonssenter
- Politiske organisering med regionting, regionutval og fire hovudutval for samferdsle, næring, opplæring og kultur/idrett

Høyringsfrist er sett til 30. november 2016

Fleire dokument kan lastast ned på <http://www.hordaland.no/regionreform>

Vurdering:

Rådmannen legg fram saka til politisk drøfting

